

Opplæringsavdelinga
^Berit Roksvåg

SØKNAD OM UTANLANDSREISE FOR PERSONALET

Lønborg videregående skole blir frå hausten 2016 administrativt slått saman med Åsane videregående skole og i samband med dette ønskjer skuleleiinga å invitere alle tilsette som har høve til å delta, på ei studiereise til Nice.

Nice er vald som reisemål fordi skulen sin IKT-konsulent er frå området og har gode kontaktar til skular og andre institusjonar i det området.

Turen vil ha både fagleg og sosialt innhald, nærmare detaljar om programmet finn de i vedlagd fil.

Reisa vil vere i perioden 21.-24. april og vi er vekke ein skuledag, fredag 22. april. Aktivitetar for dei ulike klassene denne dagen:

- VG3: Fagdagsfri. 3. klasse har fagdagar fredagane og har dermed nokre fredagar utan program. Elevane på trinnet får oppfylt timetalet i alle fag.
- VG2: Avspasering. 2. klasse har for mange timer i PFO når dei er ute i praksis, delar av desse overskotstimane vert avspaserte denne dagen.
- VG1: Sjølvstendig studiearbeit/ferdigstilling av rapport etter praksis. Elevane i VG1 har vore ute i praksis/PFO fire veker i vår når vi kjem til slutten av april. Elevane skal skrive evaluering etter avsluttande praksisperiode. Elevane har fått god rettleiing i korleis gjere dette og skal vere i innspurten av arbeidet når vi kjem til slutten av april. Innleveringskrav denne dagen.

Finansieringa av turen er delvis dekka av skulen og delvis av den enkelte tilsette.

Det er nokre tilsette som ikkje har høve til å delta på denne turen, dei vil møte på skulen fredag 22. april og arbeide med dei same gruppearbeida som resten av personalet. Alle gruppene skal levere inn arbeidet sitt til leiinga og det vert etterarbeit/oppfølging i felles møtetid på skulen.

Søknaden kjem relativt seint, men dette skuldast blant anna at det er vinterferie i Nice-området og det har vore vanskeleg å få stadfesta ein del av avtalane. Vi vonar likevel at de handsamar søknaden relativt raskt slik at vi får stadfesta reservasjonar på hotell og fly.

Beste helsing

Kerstin Karlsen
Konstituert rektor
Lønborg videregående skole

